

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 1
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Vik Kommune	Dato: 29.10.2015	
		Endra dato:	

AVTALE
OM VERTSKOMMUNESAMARBEID
TILBOD VED
RADØY INTERKOMMUNALE BUSENTER

	Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Avtale om vertskommunesamarbeid Vik Kommune	Side 2 Dato: 29.10.2015 Endra dato:
--	--	--	--

Innhold

1. Radøy interkommunale Busenter (RiB)	3
2. Rettsgleg grunnlag.....	3
3. Kommunar som deltar i det administrative vertskommunesamarbeidet.....	3
4. Oppgåver og avgjerdsmynde lagt til vertskommunen	3
5. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynde.....	4
6. Økonomisk oppgjør mellom samarbeidskommunane og vertskommunen	4
7. Avvikling av samarbeid.....	4
8. Misleghald av avtalen.....	5
9. Vidare samarbeid.....	5
10. Tvist	5
Vedlegg 1 – Inntak av pasientar/samhandlingsprosess vurdering nye bebuarar ved RiB.....	6
Vedlegg 2 – Organisering av samarbeidet.....	7
Vedlegg 3 - Informasjon og rapportering	8
Vedlegg 4 - Framleige eller vidareformidling av plass.....	9
Vedlegg 5 – Kontaktpersonar i kommunane.....	10

	Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Avtale om vertskommunesamarbeid Vik Kommune	Side 3 Dato: 29.10.2015 Endra dato:
--	--	--	--

1. Radøy interkommunale Busenter (RiB)

Busenteret vart etablert 01.10.2008, og ligg på Manger. Tilbodet kan ha opptil 9 plassar. Målgruppa er pasientar innan psykisk helsevern, som har langvarig behov for heildøgns omsorg og pleie, og som kan nyttiggjere seg tilbodet ved RiB. Pasientgruppa har ei alvorleg langvarig psykisk sinnslidning. Omsynet til eksisterande pasientgruppe (bipolare, scizofrene oa. psykoselidelser) skal vurderast ved nye inntak.

2. Rettsleg grunnlag

Avtalen er regulert av Kommunelova § 28-1 b, administrativt vertskommunesamarbeid. For eit vertskommunesamarbeid skal det opprettast ein skriftlig samarbeidsavtale. Avtalen er ei vidareføring av tidlegare avtale, vedtatt av kommunestyra i samarbeidskommunane.

Vertskommunen Radøy organiserer Radøy interkommunale busenter (RiB), som yter heildøgns helse- og omsorgstenester etter lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Samarbeidet gjeld tilbod om opphold ved busenteret.

Avtalen forutset at RiB vert vidareført som institusjon etter helse- og omsorgslovgjevinga.

Deltakarkommunane har økonomisk ansvar for helse- og omsorgstenester når det gjeld pasientar som vel å busetje seg i vertskommunen etter utskrivning frå RiB.

Det er utarbeidd ei meir detaljert oversikt over korleis samarbeidet mellom vertskommune og deltakarkommunane skal fungere (*sjå vedlegg*). Endringar i vedlegga skal avtalast administrativt.

Ny avtale gjeld frå 01.01.2016, og er løpende.

3. Kommunar som deltar i det administrative vertskommunesamarbeidet

Vik kommune	1 plass
Bergen kommune	1 plass
Radøy kommune (vertskommune)	4 plassar
Ledig	3 plassar

Utviding av deltakarkommunar (begrensa til dei tre ledige plassane) kan administrativt avtalast av eksisterande deltakarkommunar.

Vertskommunen kan leige ut ledige plassar til andre kommunar enn deltakarkommunane.

4. Oppgåver og avgjerdsmynde lagt til vertskommunen

Vertskommunen Radøy tilbyr heildøgns helse- og omsorgstenester ved Radøy interkommunale busenter. Radøy kommune har ansvar for dagleg drift ved senteret. Vertskommunen er ansvarleg for at tenesteutøvinga skjer i samsvar med gjeldande lover.

	Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Avtale om vertskommunesamarbeid Vik Kommune	Side 4 Dato: 29.10.2015 Endra dato:
--	--	--	--

Kommunen har oppretta ei særskilt inntaksnemnd for busenteret. Denne skal sikre at inntak av bebuarar skjer i samsvar med dei kriterier som deltakarkommunane er einige om skal vere gjeldande. Saksgang vedkomande inntak er beskrive i *Vedlegg 1*.

Samarbeidskommunen skal fatte vedtak om opphold i busenteret.

5. Tidspunkt for overføring av oppgåver og avgjerdsmynne

Avtalen gjeld frå dd.mm.2015.

6. Økonomisk oppgjør mellom samarbeidskommunane og vertskommunen

- a) Radøy kommune vedtek budsjett for tenesta. Framlegg til budsjett blir sendt deltakarkommunane innan 1.oktober. Kopi av vedteke budsjett blir sendt deltakarkommunane etter vedtak i kommunestyret.
- b) Kommunane blir fakturert kvartalsvis etter vedteke budsjett
- c) Fordeling av kostnader blir gjort høvesvis mellom deltakarane i samarbeidet etter antal plassar (sjå punkt 3). Dersom ein av deltakarkommunane i periodar ikkje har aktuelle pasientar fortilbodet, har denne likevel økonomisk ansvar for sin plass.
Deltakarkommunen kan gjere sin ledige plass tilgjengeleg for annan kommune. Inntaksprosedyre må følgjast.
- d) Inntekter og utgifter frå utleige av plassar til andre enn deltakarkommunane går inn i grunnlaget for fordelinga.
- e) Dersom det må setjast inn tiltak for einskildpasientar som ikkje blir dekkja gjennom ordinær drift, skal dette dekkast av den kommunen som har ansvar for pasienten. Heimkommunen skal orienterast om tiltaket så snart som mogeleg.
- f) Det økonomiske oppgjaret blir sett opp med grunnlag i årsrekneskapen. Avrekning for rekneskapsåret skal gjerast innan 20.januar. Til grunn for avrekning ligg alle driftskostnader for tenesta, med frådrag for momskompensasjon, sjukelønsrefusjon og eventuelle inntekter for utleigde plassar. I tillegg skal det avrekna 2,5% administrativt påslag rekna av løn og sosiale kostnader.
- g) Radøy kommune utarbeider tertialrapportar i tillegg til årsrekneskap.
- h) Vertskommune har mynde til å gi pristilbod for utleigepllassar til andre kommunar.
- i) Vederlagsbetaling for opphold og refusjon av ressurskrevjande tenester skal den einskilde deltakarkommune sjølv krevje inn for sine pasientar. Det skal gå fram av avrekningsgrunnlaget kva kostnader som inngår i krav om refusjon for ressurskrevjande tenester.

7. Avvikling av samarbeid

- a) dersom partane er einige om avvikling av vertskommunesamarbeidet, kan samarbeidet løysast opp etter nærmare avtale.
- b) dersom ein av deltakarkommunane ønskjer å seia opp samarbeidsavtalen, vil oppsejingsstid vere min. 12 mnd, eller etter nærmare avtale.

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 5
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Vik Kommune	Dato: 29.10.2015	Endra dato:

8. Misleghald av avtalen

Det er påkrevd at den av partane som meiner avtalen er vesentleg misleghalde, skriftleg skal gjere greie for dette, kva som blir krevd retta, og gi rimeleg frist for at tilhøve kan rettast. Oppseiingstid ved vesentleg misleghald som ikkje er retta er 3 mnd.

9. Vidare samarbeid

Samarbeidskommunane skal møtast minimum ein gong i året.

10. Twist

Partane skal ved twist saman avklare prosess for å løyse eventuell twist.

Vedlegg: **Vedlegg til avtale om vertskommunesamarbeid om tenester frå Radøy interkommunale Busenter (RiB) gjeldande frå dato avtale er godkjend av samarbeidspart.**

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 6
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Vik Kommune		Dato: 29.10.2015
			Endra dato:

Vedlegg 1 – Inntak av pasientar/samhandlingsprosess vurdering nye bebuarar ved RiB

Trinn 1 – Vedkomanden ny bebuar

- Søknad/forespørsel blir utarbeidd av deltakarkommunen, p.t. Bergen, Radøy, Osterøy og Vik.
- Søknad/forespørsel blir sendt til leiar Radøy interkommunale Busenter (RiB), Radøyvegen 1625 a, 5936 Manger.

Trinn 2 - Gjensidig kartlegging av bebuar opp mot butilbod

- Leiar ved RiB og ein miljøterapeut reiser til deltakarkommunen og møter søker saman med personal frå deltakarkommune. Hensikt med møtet er gjensidig informasjonsutveksling. Leiar og miljøterapeut informerer om tilbodet ved RIB. Innsøkt brukar får moglegheit til sjølv å fortelje om seg sjølv
- Leiar ved RiB/tilsynslege hentar inn eventuell tilleggsinformasjon etter møtet.
- Tilsynslege sin rolle/vurdering
- Søker besøker RIB saman med personale frå deltakarkommunen.
- Søker kan få tilbod om å prøve ut butilbod i inntil 3 mnd/etter avtale om utprøving.
- Heimkommune brukar prøveperiode til å fatte vedtak og søkje inn bebuar for fast plass. Eventuelle ekstrakostnader i prøveperiode blir tillagt søkerkommune.
- VOP Knarvik/Bergen mm og eller andre faginstansar som kjenner brukar blir involvert i buutprøvingsfasen og gir råd til kommunane. Kommunane blir her einige om VOP/faginstans i vidare involvering iif inntak.

Trinn 3 - Inntaksprosedyre

- Søknad behandlast i inntaksnemnd
 - Kommuneoverlege og leiar RiB har ansvar for å innhente dokumentasjon om bebuar, evt vurderingar frå tilsynslege og spesialisthelsetenesta innan psykisk helsevern.
 - Søkjarkommune har ansvar for å framlegge relevant informasjon/beslutningsgrunnlag.
- Inntaksnemnd består av;
 - Kommuneoverlege (leiar)
 - Leiar Rib
 - Søkjarkommune med inntil 2 personar
 - Radøy stiller med sekretær for inntaksnemnd
- Kommunalsjef/rådmann vertskommune har møterett.
- Ved stemmelikhet vil sak bli løfta til kommunalsjef/rådmann.

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 7
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Vik Kommune	Dato: 29.10.2015	
		Endra dato:	

Vedlegg 2 – Organisering av samarbeidet

Fagråd

Fagrådet for RiB skal ha ein representant frå kvar deltakarkommune, i tillegg til medlemmene fra inntaksnemnda.

Dagleg leiar av RiB har ansvar for å kalle inn fagrådet, og følgje opp tilrådingane frå fagrådet.

Fagrådet skal møtast minst ein gong i halvåret. Fagrådet er mellom anna rådgjevande organ for utforming og praktisk vidareutvikling av inntakskriterier, etter dei føringane om pasientgruppa som er gjort i samarbeidsavtalen. Fagrådet blir leia av kommuneoverlegen i vertskommunen.

Kommunalsjef helse og omsorg i vertskommunen skal av leiar for RiB informerast om tilrådingane frå fagrådet.

Spesialisthelsetenesta

Forholdet til spesialisthelsetenesta må avklarast nærrare. VOP Knarvik er ein viktig aktør i ft drifta ved RiB og ei fagleg støtte ved behov. VOP og spesialisthelsetenesta sin status bør avklarast og diskuterast i samråd med deltakarkommunane. Denne rolle skal beskrivast nærrare i eiga vedlegg.

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 8
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.	Vik Kommune	Dato: 29.10.2015	Endra dato:

Vedlegg 3 - Informasjon og rapportering

Leiarfor RiB sender informasjon til oppgitt kontaktperson i deltakarkommune (evt kommune som leigar plass). Kontaktpersonen har ansvar for å vidareformidle informasjonen i sin kommune ved behov.

Kommunane vil ha ulike behov for rapportering frå RiB vedkomande sine pasientar. Omfang av rapportering blir avtalt mellom leiar for RiB og den enkelte kommune sin kontaktperson. Normalt vil det rapporterast kvart halvår. Anna kan avtalast med heimkommune.

		Avtale om vertskommunesamarbeid	Side 9
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.		Vik Kommune	Dato: 29.10.2015
			Endra dato:

Vedlegg 4 - Framleige eller vidareformidling av plass

- a) Framleige: deltakarkommunane har krav på å få vurdert sin plass for pasientar frå eigen kommune. Dersom det ikkje er pasientar frå eigen kommune som fyller kriteriet for innlegging i institusjonen, kan ledig plass framleigast til ein annan deltakarkommune, eller til ein ny kommune, etter nærmare avtale. Dersom ein deltakarkommune ikkje belegg sin plass, er det aktuell deltakarkommune som er økonomisk ansvarleg for denne plassen.
- b) Ikkje deltakarkommune som leigar plass, kan stille med representant til fagråd, men har ikkje stemmerett.

		Avtale om vertskommunesamarbeid Vik Kommune	Side 10
Eigar av avtale som vert for samarbeid Jarle Landås Rådmann Sign.			Dato: 29.10.2015
			Endra dato:

Vedlegg 5 – Kontaktpersonar i kommunane

Vedlegg 5 blir oppdatert fortløpende ved endring av kontaktpersonar i kommunane.

Vertskommune:

Rådmann Radøy
Jarle Landås
Mob. 40228215
Email jarle.landas@radoy.kommune.no

Kommunalsjef Helse og Omsorg
Johan Fredrik Bøschen Sandal
Mob. 95236496
Email johan.sandal@radoy.kommune.no

Tenesteleiari RiB
Vibeke Angelskår Erstad
Mob 92224599
Email vibeke.angelskar.erstad@radoy.kommune.no
Konst. Vidar Berge 47236079 vidar.berge@radoy.kommune.no
Åshild Reigstad Aalvik 90204459 aashild.reigstad.aalvik@radoy.kommune.no

Kommuneoverlege
Grethe Fosse
Mob. 90550127
Email grethe.fosse@radoy.kommune.no

Tilsynslege
Kari Færøy
Mob. 90154943
Email kari.faeroy@radoy.kommune.no

Samarbeidskommune:

Avtale ansvarleg
Kontaktpersoner